



VILLANDEN
FORLAG

Åse Lilleskare Faugstad

Som ein fakkel. Dikt i utval

I *Som ein fakkel* kan lesarane gleda seg over dikt frå kvar av forfattarens 6 diktsamlingar; frå ho debuterte som 25-åring med *Ved mitt altar*, gjennom ulike livsfasar, til siste bok, *Tidevatnet kjem inn*.

I samarbeid med forfattaren har forlaget gått gjennom heile hennar lyriske produksjon. Me har gjort eit utval på ti dikt frå kvar diktsamling - totalt 60 dikt.

Lilleskare Faugstad skriv i ein sentrallyrisk tradisjon. Me møter tidlause dikt om det å vera menneske, å gripa augneblinken og å leva for og med andre.

Dette er kraftfulle dikt skrivne i ulike stadium i livet. Samstundes er det mange varierte stemningsbilde, innsikter og erfaringar å ta med seg.

Som ein fakkel har og fine skildringar av naturen sine mange skiftingar og bilete av mennesket i møte med naturen. Lesaren får bli med inn i lyriske stemningar som både gleder og overraskar.

Boka byr og på utfordrande sanningssøkande dikt som får lesaren til å stoppa opp og fryda seg over innsikter og ord ein sjølv kanskje har leita etter. *Som ein fakkel* er blitt ei bok som gjev mykje att til lesaren - som tittel diktet seier:

SOM EIN FAKKEL

Utan at du står snublande nær

skal eg skina som ein fakkel
gjennom deg
lysa opp
andletet ditt
elska dine blomar
frå lukka knuppar
til roser

roser
gjennom deg
i novemberfrosten

gjennom oss.

Villanden forlag vel å gje ut denne boka som vår første bok, av ei rekke framtidige bøker som vil ha kvalitet og gode lesaropplevingar som rettesnor. Med etterord av Johannes Gjerdåker (kritikarprisen 2005), er denne nytgjevninga sterk både litterært og språkleg.

Om forfattaren. Faugstad er ein etablert forfattar med ei rekke bøker bak seg innan lyrikk, noveller og omsetjing av engelskspråkleg lyrikk. Vidare er ho representert i ei rekke antologiar, og dikta hennar er publiserte i inn- og utland. Faugstad er medlem av Den norske Forfattarforening og har vore medlem av DnF sitt Litterære Råd. Vidare var ho DnF sin representant i Norsk Språkråd i mange år.



Forfatter	Åse Lilleskare Faugstad	Antall sider	104
Tittel	Som ein fakkel	Pris	175,-
Etterord	Johannes Gjerdåker	ISBN	ISBN 978-82-997869-0-4

Villanden forlag vart starta hausten 2008 med mål om å gje ut meiningsberande litteratur som gjer livet rikare. Me ynskjer å gå i djupna for å gje lesaren dei mest interessante opplevingane som set spor og varar.